

Outlines Sal 73. Eg vert alltid verandre hjå deg

Roald Kvam © 2008

1. *Innleiing.*

a) **Form.**

- Salmen er ikkje enkel å typebestemme, men vi velger å karakterisera den som "ein individuell takkesalme".
- Oppbygging av ein takkesalme:
 - a) Innleiing som peiker på hensikten med salmen og gjev ei kort grunngjeving for denne.
 - b) Hovuddel med eit tilbakeblikk på naudssituasjonen med hovudvekt på utfriinga ved hjelp frå Herren. Dette kan få eit læremessig preg då salmisten gjennom si eiga erfaring vil formidle visdom om Gud og ei rett haldning til livet.
 - c) Avsluttinga knytter ofte tilbake til innleiinga.

b) **Inndeling.**

1: Overskrift med lovprisning.

2-16: Tilbakeblikk på nauden:

2: Anfektinga.

3-14: Grunngjeving for anfektinga.

15-16: Skildring av anfektinga.

17-26: Vedkjenning av ny innsikt:

17-20: Dei ugudelege går under.

21-22: Tidlegare uforstand.

23-26: Tryggleik hjå Gud i liv og død.

27-28: Konklusjon.

c) **Bakgrunn.**

- Tidfesting? Asaf (Sal 73, 1), ein levittisk musikal, songar og sjåar frå Davids tid (1 Krøn 6, 39: 16, 5; 2 Krøn 29, 30). Det tyder på at vi er kring 900-talet f.Kr. Likskapar både med vedkjenningane åt Job og Jeremia (Jer 12, 1ff), kan derimot tyda på 600-talet f. Kr. Vi veit ikkje!
- Salmen har truleg vore i bruk ved gudsteneste (v17 refererer til templet. v28 avkrev ein lyttande kyrkjelyd).

2. *Salmen i ein sum.*

- Salmisten vil fortelja korleis han har fått sjå at Gud er god. Det kan verken lukka åt den ugudelege eller lidinga åt den rettferdige motbevisa.
- All den tid salmisten såg på uretten såg han ikkje at Gud er god. Då han vende seg til Den rettferdige med uretten, såg han Guds godleik.

3. *Aktuell bodskap.*

- Kan Gud verkeleg vera god når vår livssituasjon seier at han er likesæl? Rom 5, 8; Fil 4, 13.



Dreieskiva.com